

# ALVER KULTURRÅD

Til  
Alver kommune - kulturkontoret  
v/ Anders Olav Dale

12. april 2021

**Uttale:** Samarbeid- og profileringsavtale KnarvikMila og Alver kommune

Styret i Alver kulturråd har hastehandsama saka på styremøte 12 april 2021.

Styret ser at saka er diskutert grundig og er nøgde med at partane er einige. Saka dokumenterer ei viktig avklaring i høve samarbeidet kring eit arrangement av nasjonal og internasjonal karakter. Styret ser på avtalen som god for begge partar og gir eit signal om godt samarbeid.

Styret i Alver kulturråd er takksame for å kunne bidra med uttale kring avtalen om dette store kultur- og idrettsarrangementet.

Styret ser gjerne at Alver kulturråd kjem fast på høyringslista når slike saker skal utarbeidast.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes  
Styreleiar



Per Ole Ekker  
Sekretær

---